

Interpellasjon nr.3 21.juni 2018

Ordførar

## Tilfluktsrom

Den viktigaste oppgåva til myndighetene er å ivareta sikkerheita til innbyggjarane mot livtruande hendingar. Eit av dei viktigaste tiltaka er tilfluktsrom.

Dersom samfunnet opplever dei mest alvorlege katastrofer, først og fremst krig, men også naturkatastrofe, kan det å finna dekning i eit tilfluktsrom vera med og redda liv.

Innbyggjarane har også rett på beskyttelse ifølge Geneve-konvensjonane.

Tilfluktsrommet vert enten eigd av kommunane eller private huseigarar. Lindås Kommune eig dei offentlege tilfluktsromma i dei som er i kommunale bygg. Det er kommunen si oppgåve å byggje, utstyre og vedlikehalde tilfluktsromma, og å sørge for at dei vert klargjort for bruk i ein beredskapsituasjon.

Kravet til tilfluktsrom er at dei skal vera operative minumum 72 timer etter erklært unntakstilstand.

I Stortingsmelding 17 (2001-2002) blei det vedtatt midlertidig stans av tilfluktsrom, men det var også vedtatt at eksisterande tilfluktsrom SKAL vedlikehaldast. Dette er gjentatt i St.melding 39(2003-2004) om Samfunnsikkerhet og sivil-militært samarbeid.

Siste utredning som blei gjort om dette var i 2017, i forbindelse med Konseptutredning for Sivilforsvaret og anbefalingar frå Forsvarets forskningsinstitutt, er at ordninga må styrkast.

Spørsmål:

1. Kor mange tilfluktsrom har Lindås Kommune?
2. Kor ligg tilfluktsromma?
3. Kva er kapasiteten på desse, og er det i samsvar med krava sett i forhold til innbyggjartal?
4. Er standaren på tilfluktsromma ihht lov?
5. Kan desse tilfluktsromma gjerast klar innan 72 timer, og har Lindås Kommune ein plan for det?
6. Har Lindås Kommune ein plan for alle tilfluktsromma i ein beredskapssituasjon?

Ingrid Fjeldsbø

Høgre